

NotatDato: 03.09.2018
Arkivsak: 2018/13490-2
Saksbehandlar: berkilv

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Berit Dianne Kilvær

Sal av Løfallstrand ferjekai - oversendingsforslag

I møteprotokoll frå fylkesutvalet 30.08.2018 er det under PS 203/18 Ymse teke inn følgjande:

«I samband med RS 128/18 sette **Benthe Bondhus (SP)** på vegner av Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Sal av Løfallstrand ferjekai

På møte i fylkesutvalet den 21. juni 2018 stilte representanten Benthe Bondhus (SP) spørsmål om eigedomstilhøva ved gamle Løfallstrand ferjekai. Då det ikkje var mogeleg å gje eit eintydig svar i møte, vil fylkesrådmannen opplysa følgjande.

Med heimel i fylkesutvalsak frå 2000, der vegsjefen fekk fullmakt til å avhenda ferjekaiar som ikkje lenger er i bruk, eller skal nyttast til beredskapskaiar eller er aktuelle som kulturminne, vart kaien i 2014 overført til Karen Løvfall Våge,- tilgrensande grunneigar til kaien, jfr veglova §8. Dette etter at kommunen var førespurd om å overta kaien.

Salssummen for kaien var ein del av oppgjeret for kjøp av areal av same grunneigar til utviding av Fv48 Løfallstrand-Årsnes.

Ber om å få framlagt rekneskap for denne overdraging til neste møte i fylkesutvalet.»

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.»